

”Å koma opp øvst i Uskedalen på vegen mot Fjellandsbøle er å oppleva Noreg på sitt sterkaste – busetnad mellom bratte fjell”. Slik blir artikkelen om Ulvanosa og Uskedalen innleia i ei av dei mektigste fagbøkene som til no er gjeve ut på Vestlandet –”Folgefonna og fjordbygdene”.

Sjølv om vår bygd ikkje ligg midt i smørauget i høve til fonna er det ingen grunn til å klaga over omtalen. I tillegg til ein artikkel på to sider kjem Uskedalen og då ikkje minst fjella våre att både her og der gjennom det nesten 600 sider store og vel tre kilo tunge verket.

Hovudredaktør Nils Georg Brekke har brukt orda ”innholdsrik og staselig” under presentasjonen. Det er slett ikkje for sterke ord.

Ein uskedeling har vore med i redaksjonsgruppa for Kvinnherad – det er naturleg nok Kristian Bringedal.

Presentasjonsartikkelen om Uskedalen held fram: ”Dei stålblå, reinskrapa fjellsidene på Ulvanosa stuper rett i den grønne bøen. Gardane fortel om busetnaden og landskapet på begge sidene av elva ned dalen: Musland, Haugland, Kjærland, Myklebust, Døssland og Fet, med bøane på Dønhaug, Eik og Steinsletto nede ved fjorden. Her ligg den vesle tettstaden og kyrkja på sandsletta som er bygd opp av det elva har frakta med seg. Framfor elvedeltaet ligg Skorpo som ein skjerm mot Onarheimsfjorden”.

Artikkelen peikar vidare på at landformene i Uskedalen inneheld store kontrastar, frå den roleg meandrerande elva som renn i store svingar i den nedre del av dalen til dei dramatiske fjellsidene oppe under Ulvanosa. Isbrear har grave ut den klassiske U-dalen i ein milliard år gammal granitt, som utgjer fjella vest for dalen. Men før breane byrja gravinga si, så fanst det ein elvedal nordover mot elva i ”Hardangerdalen”, der fjorden ligg i dag. Denne dalen var mykje lengre enn dagens Uskedal! Vasskiljet låg i fjella på begge sider av den ytre Matersfjorden. Då breane grov ut Åkrafjorden og Matersfjorden ”stal” dei elvane som før rann mot nord. Derfor byrjar Uskedalen i dag i det breie passet sør for Fjellandsbøvatnet.

Spanande lesnad?. Forfattarane, alle på eit høgt fagleg nivå, har i denne boka klart å gjera tidlegare tildels tungt stoff spanande og fengslende, slik at det er problematisk å leggja boka frå seg. Men det må ein – det er ikkje råd å halda ho lenge!

Forfattarane er slett ikkje berre opptekne av fortida, dei er også oppdaterte på notida – og ser tildels inn i framtida. Eit døme på det er ein presentasjon av innhaldet i ein skreddatabase som NGU har oppretta og som sjølv sagt også har med Uskedalen.

Eit kart viser registrerte skred i heile landet og i Uskedalen er det registrert to snøskred og to jordskred.. Det er langs Sørfjorden ein finn dei mest aktive skredområda, men også Uskedalen er rødskravert, noko som tyder at dalen er vurdert til å vera eit potensielt fareområde i dag og særleg i framtida dersom klimaet vert våtare.

Av Ola Matti Mathisen